

Arendalfirma reoverar skulen



Sørlendingane har gjort mykje på ei veke

Renoveringa av skulen har no vore igang i ei veke og har fått ein god start. Det er Arendalfirmaet Norstraal som har jobben med unnatak av litt el, litt røyr og golvlegging og dei 3 derifrå er svært godt fornøgde med den mottakinga dei har fått i Uskedalen.

- Det er fyrste gongen vi har jobb her, men vi må berømme dei vi har hatt kontakt med for god hjelp. Det gjeld ikkje minst Olav Hjetland Bringedal som hjalp oss med å fjerna betong, seier sørlendingane som opererar over heile landet og har 30 tilsette. I tillegg til ymse stader på Austlandet og i Rogaland har dei hatt jobbar til dømes i Måløy, Trøndelag og Finnmark.



Espen Falck er ein av dei 3 som jobbar på skulen

Kvifor fekk dei så jobben i Uskedalen? Dei har inntrykk av at det var litt problematisk å få lokale firma til å ta seg av renoveringa og det kan dei forstå, for jobben er i minste laget for eit stort firma og i største laget for eit lite.

Så langt er dei særst nøgde over at dei slo til. Dei har da også fått ros av kommunen for det som er gjort til no.

Det er klasseromsfløyen mot Hagetunet som er fyrste etappe. Den skal vera ferdig når skulen tek sommarferie og så kjem turen til motsett fløy - den som vender mot Aktivitetshuset.

Det betyr at dei som har klasserom i austfløyen har flytta ut og er å finna ein anna stad fram til ferien. Skulen gjer no eit mildest tala kaotisk inntrykk.

- Litt kaotisk har det vore, men vi er tålmodige og det går seg til, er ein kommentar frå lærarane, som gler seg like mykje som elevane. Når etappe nummer 2 tek til vil alle rom samt foajeen bli stengd. Heile jobben skal vera ferdig 8. august og 18. august kjem starten i nyrenovert skule.

Også utomhus er det skjedd visse mellombelse justeringar. Mellom anna er heile området mellom barnehagen og skulen stengd. All levering og henting frå og til barnehagen går føre seg via inngangen på grusbana. Føresette må ned på bana og parkera der. Det same gjeld dei tilsette.

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen